



ÅRSPLAN DEL 1, FRÅ A TIL Å

RØRSTADMARKA BARNEHAGE
- du finn oss i skog, mark og fjøre, uansett fjøre!

INFORMASJON FRA A-Å i Rørstadmarka barnehage, årsplan del 1 vedtatt av SU 2. juni 2021.

Dette heftet er informasjon til foreldre og føresette i Rørstadmarka barnehage, og inneheld praktisk informasjon som kan være nyttig i kvardagen. Spør oss om det er meir de lurar på.

- Personalet -

ANDEL OG VEDTEKTER

Rørstadmarka barnehage er ein privat andelsbarnehage, med skiftande medlemstal og kapital. Føresette kjøper seg inn i andelslaget for kr. 2 500,- når barnet startar, og får det tilbakebetalt når barnet sluttar i barnehage.

Eigarstyret blir valt ved andelslagets årsmøte innan utgangen av mars kvart år. Styret driv andelslaget på best mogleg måte, i samsvar med barnehagens eigne vedtekter og årsmøtet sine vedtak. Styret har det juridiske ansvaret for barnehagen, dagleg mynde og drift er delegert til barnehagens daglege leiar.

Barnehageopptaket er samordna med Sula kommune.

AVDELINGAR OG GRUPPER

Marihøna, Bikuba, Humla og Utegruppa. Samansetninga av dei ulike gruppene vil variere frå år til år, ettersom søkjarmassen varierer. Dei yngste barna finn vi likevel på Marihøna, medan «avgangsbarna» er i Utegruppa.

ALLERGIAR

Barnehagen skal ta omsyn til barn med særskilte behov knytt til mat og måltid dersom det blir lagt fram dokumentasjon eller legeattest frå spesialist på barnets sjukdom. Barnehagen krev ein slik attest for dei dette gjeld. Attesten skal innehalde informasjon om:

- Kva for allergiar barnet har.
- Kva slags symptom ein kan forvente ved eksponering for allergenet
- Kva for tiltak som skal iverksettast for å forebygge og behandle eventuelle allergiske reaksjonar.

BARNEHAGEBESØK

Ein dag på vårparten blir dei barna som skal begynne i barnehagen til hausten invitert til eit lite besøk i barnehagen. I lag med foreldra får barna helse på personalet, ta ein titt i lokalet og helse på nokre av dei andre barna.

BARNEHAGEÅRET

I Sula kommune startar barnehageåret 1. august. Det betyr at førskulebarna (og andre barn som skal slutte i barnehagen) har siste dag i barnehagen 31. juli, og nye barn får plass frå 1. august. Dei barna som skal slutte i barnehagen avviklar ferien sin før 1. august.

BLEIER

Dei som treng å bruke bleier i barnehagen tek med det sjølv. (Ikkje «up and go».) Barna det gjeld har egne korgar til oppbevaring av bleier i barnehagen. Foreldra fyller på etter kvart som det er behov.

BRINGE BARN OM MORGONEN

Foreldre følgjer barnet inn porten og til garderoba i aktuell avdeling, der ein tilsett kjem ut og tek imot. Utveksling av nødvendig informasjon er naturleg både når barnet kjem om morgonen og blir henta om ettermiddagen. Det kan vere om søvn, måltid, små og store viktige ting i barnets kvardag, osv. Hugs at ein rask og god avskjed ofte er betre for barnet enn ein lang og nølande. Det er viktig at foreldra seier ha det til barnet slik at det får med seg at foreldra går, sjølv om barnet ser ut til å ha kome i leik og at det kanskje ender med grining.

BURSDAGSFEIRING

Vi heng ut flagget, heng opp bursdagsplakat på ytterdøra, har bursdagssamling på avdelinga og serverer mat som barnet sjølv har valt i forkant frå barnehagen sin bursdagsmeny. Bursdagsbarnet får sitte i bursdagsstol og får bursdagskrone som ho eller han har vore med på å lage.

DUGNAD

Alle foreldre i barnehagen skal ha minst 10 timar dugnad i løpet av eit barnehageår. Fortrinnsvis 5 timar om hausten og 5 timar om våren på dugnadsdatoar satt opp og organisert av styret. Kompensasjon/pris for å ikkje møte til dugnad er av styret satt til 2 500,-.

FACEBOOK

Barnehagen har eiga side på Facebook som er open for alle, den heiter Rørstadmarka barnehage. Her legg vi i løpet av året ut korte tekstar med anonyme bilete for å vise små glimt frå kvardagen i Rørstadmarka barnehage. Meir målretta informasjon til foreldra blir lagt ut på «tavla» i Kidplan.

FERIE

Barna skal ha til saman 4 veker ferie i løpet av året, 3 av desse skal takast ut samanhengande. Ferie leggst inn på førehand i Kidplan, anten av foreldra sjølv, eller av personalet etter beskjed frå foreldra.

FILMING OG FOTOGRAFERING

Vi oppfordrar føresette i barnehagen til å ikkje ta bilete eller film av andre sine barn på arrangement. Det skal ikkje delast bilete eller film av andre sine barn på sosiale medier utan løyve frå barnets føresette på førehand. For bruk av bilete og film internt i barnehagen for t.d. dokumentasjon og heimeside, blir det innhenta løyve frå føresette ved oppstart gjennom Kidplan. Føresette kan logge seg inn og endre løyvet når dei vil.

Lenke til personvern i barnehage og skule: <http://www.fubhg.no/personvern.255898.no.html>

FORELDREMØTE

Kvar haust er det foreldremøte i barnehagen der aktuelle omsorgspersonar kring barnet er invitert. Frå barnehagen stiller heile personalgruppa. Møtet har ein fellesdel, og ein del er avdelingsvis. Foreldra vel sine representantar til SU under dette møtet.

FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL (SU)

Foreldrerådet består av foreldra til alle barna i barnehagen. Desse vel 2 representantar (og ein vara) til samarbeidsutvalet (SU). SU består av 2 representantar frå foreldra, 2 frå dei tilsette, 1 frå eigar (styret) i tillegg til dagleg leiar som er sekretær. Samarbeidsutvalet skal være et rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

FORELDRESAMTALAR

Alle foreldre får tilbod om to foreldresamtalar i året - pr. barn. Pedagogisk leiar går i lag med foreldra gjennom barnets utvikling og trivsel.

FORSIKRING

Barnehagen har gjennom Gjensidige og PBL (Private Barnehagers Landsforbund) ei ulykkesforsikring for barna som gjeld heile døgnet - også utanom barnehagetida. [Gjensidige, ulykkesforsikring for barnehagebarn.](#)

FOTOGRAF-BESØK

Kvar haust er det fotografering av barnegruppene i barnehagen. Da får barna i lag med foreldra tidleg oversikt over kven dei deler avdeling med.

FRUKOST

Barna kan ete frukost i barnehagen fram til kl. 09.00, då begynner vi med andre aktivitetar. Barna som skal ete frukost i barnehagen tek med matpakke til det. Drikke har vi i barnehagen.

GARDEROBA VÅR

I ytste garderobe har barna kvar sin knagg til regndress, parkdress, korg til ekstra yttertøy (vottar, fleecedress, osv) og plass til vogn for dei som skal sove i barnehagen.

I inste garderobe har barna kvar sin plass med knagg, hylle og korg til andre skiftklede.

Vi brukar også å henge opp aktuell informasjon, bileter, utskrift av vekeplan osv. i garderoba.

HENTE BARN OM ETTERMIDDAGEN

Når barnet skal hentast, kjem foreldra inn og hentar. Det er viktig at den som hentar alltid kjem i kontakt med ein av personalet på avdelinga. Dersom andre enn foreldre/ føresette skal hente barnet må barnehagen ha beskjed om det på førehand.

INFORMASJON

I løpet av året blir det sendt ut periodeplanar og vekeplanar i e-post frå kvar avdeling. Referat frå styremøter og anna informasjon blir sendt ut med e-post frå styrar, og ved enkelte høver sendast det ut tekstmelding.

INVITASJONAR

Bursdagsinvitasjonar og liknande frå eit barn til andre barn i barnehagen, som blir delt ut eller hengt opp i barnehagen, må ha ei avgrensing som er forståeleg for barna i gruppa. (T.d. alle på avdeling, alle som er i same gruppe (alder) eller alle jentene/gutane.)

KIDPLAN

Gjennom vårt medlemskap i PBL har vi kommunikasjonsplattforma Kidplan. Føresette får «ein brukar» til tenesta når barnet startar i barnehagen. Gjennom Kidplan sender vi ut informasjon, lagar vekeplan, registrerer oppmøte, nyttar meldings-chatten, skriv på «tavla», m.m. Føresette kryssar av for løyver, registrerer fridagar m.m. Kidplan kan lastast ned som eigen app på mobilen.

KJERNETID

... er den tida då vi legg opp til planlagde aktivitetar, turar og andre opplegg i barnehagen. I tidsrommet 9.30 og 14.00 ønsker vi at flest mogleg er i barnehagen, men finn sjølvstøtt løysingar i lag med foreldra om det kræsjar med andre planar.

KLEDE

Hugs å merke alt av klede, sko og utstyr med barnet sitt namn. Kle barnet praktisk - etter ver og vind. Ha alltid regnklede og to sett med ekstra klede liggande i barnehagen.

Pass på å ta med regndress/parkdress heim til vask.

LEIKER

Barnehagen har varierte leiker som barna nyttar. Personalet på avdelinga vel ut leiker tilpassa alder og interesse. Barna treng ikkje ta med egne leiker.

LEIKEPLASSKONTROLLEN

Uteområdet til Rørstadmarka barnehage blir kvart år kontrollert av leikeplasskontrollen. Det er ikkje ei tilsynsmyndigheit, men dei har ein systematisk gjennomgang av alle leikeapparat opp mot gjeldande regelverk og påpeiker feil og manglar som må rettast.

MAT

Barnehagen serverer lunsj og ettermiddagsmat/ frukt. Varmmat har vi om lag annankvar veke. OBS! Dokumentasjon ved allergi og intoleranse hos barnet. Utegruppa har med eigen lunsj i matboks. Dei som skal ete frukost i barnehagen, tek med det. I barnehagen har vi fokus på sunn og næringsrik mat.

MEDISINERING I BARNEHAGEN

Barnehagen kan bistå foreldre med legemiddelhandsaming, sjølv om det er foreldra som har ansvaret for medisineringa. Forsvarleg orientering og opplæring av personalet i medisinering må foreldra sørge for. Avtale om medisinering må fyllast ut.

MELD FRÅ OM ENDRINGAR

Hugs å gi beskjed om endringar som har betydning for barnet eller samarbeidet mellom barnehage og heim. Endringar kan vere adresse, telefonnummer, e-postadresse, sjukdom, samlivsbrot eller andre ting som kan verke inn på barnet.

MERKING

Alt av klede, sko og utstyr barnet har med i barnehagen må merkast. Hugs å merke begge vottane og begge sokkane, det er ikkje alltid dei forsvinn parvis 😊.

NETTSIDE

Nettsida til barnehagen finn du på www.rorstadmarka.barnehage.no. Alle føresette vil ha innlogging til denne sida, og få tilgang til Kidplan som er barnehagen sin digitale kommunikasjonsplattform med foreldra. (Last ned appen for enklare tilgang.)

OPNINGSTID

Barnehagen opnar 06.30 og stenger 16.30, opphald til 16.45 kan avtalast spesifikt. Hugs å sette av nok tid både om morgonen og ettermiddagen til ei god «levering og henting».

OPPSTART I BARNEHAGEN

Før barnet begynner i barnehagen sender pedagogisk leiar ut eit velkomstbrev med litt informasjon om tider dei første dagane, kven ein skal møte og kva ein skal ta med. Tilknytningspersonen blir ein viktig person for barnet, særleg den første tida. I løpet av den første tida i barnehagen vil det bli ein oppstartssamtale mellom føresette og pedagogisk leiar. Her gir føresette informasjon om barnet sitt, og avklarar eventuelle saker ein lurar på.

OVERGANG BARNEHAGE/SKULE

I Rørstadmarka barnehage har vi i lag med dei andre barnehagane i kommunen eit tett samarbeid med skulen i nærområdet. Både 1. klassene og «fadderklassene» på skulane er vanlegvis involvert i dette opplegget. Målet er at overgang til skule, og av og til mellom barnehagar, skal vere ein trygg prosess der barna blir kjent med kva som skal skje.

PARKERING

Rørstadmarka barnehage har ein relativt romsleg og oversiktleg parkeringsplass, i alle fall om ikkje alle foreldre leverer og hentar barna samtidig. Vis likevel omsyn, kjør sakte og sjå opp for raske, lave og mjuke trafikantar (barn).

PERIODEPLAN

Pedagogisk leiar i dei ulike gruppene i barnehagen sender ut ein utfyllande plan for dei komande to-tre månadane, neste periode. Periodeplanen seier noko om tida som har gått (førre periode), kva som skal jobbast med i denne perioden, korleis fagområda i rammeplanen kjem inn og minner om viktige datoar i tida som kjem.

PLANLEGGINGSDAGAR

Barnehagane skal ha 5 planleggingsdagar for personalet i løpet av året. Desse dagane er barnehagen stengt for barna. Datoane står i barnehageruta bakerst i årsplan del 2.

PORTEN

Vi har to portar til barnehagen sitt uteområde, ein mot parkeringsplassen og ein mot stien på baksida av barnehagen. Desse må alltid vere lukka i barnehagen si åpningstid. Slepp ikkje ut andre barn enn dei du skal ha med deg.

Det er også viktig at foreldre nyttar porten når dei hentar barna, og ikkje løftar dei over gjerdet. Vi ønsker ikkje at barna skal trene på å klatre over gjerdet for å vise foreldra «sjå kva eg har lært meg!»

PRAKSISBARNEHAGE

Rørstadmarka barnehage har ein fleirårig avtale med Høgskulen i Volda, der vi kvart år tek i mot barnehagelærer-studentar. Pedagogisk leiar er da øvingslærer for studenten/-ane dei vekene praksisen går føre seg. Føresette på avdelinga vil få informasjon når det skal skje.

PROGRESJONSPLAN

[Rammeplan for barnehagar](#) har gitt oss fagområder å jobbe etter. I barnehagen har VI satt opp ein progresjonsplan for barna med utgangspunkt i desse fagområda, ut ifrå barnets alder og forventa utvikling. Sjå tabell bakerst i heftet.

REINHOLD OG MILJØ

Skal du lenger inn i barnehagen enn til garderoba, ønsker vi at du tek av deg skoa, tek på innesko eller smett på deg eit overtrekk utanpå skoa. Blå skotrekk ligg i korg ved alle ytterdørene. Kast skotrekket i nærliggjande søppelbøtte etter bruk.

SAMARBEIDSPARTNARAR

Alle tilsette i barnehagen jobbar innunder [Lov om barnehagar](#), og har etter §44-§46 både teieplikt og opplysningsplikt i spesielle tilfelle. Barnehagen samarbeider med Sula kommune, PPT, barnevern, helsestasjon, fysioterapeut, logoped, m. fleire, i tillegg til andre barnehagar, skular, bibliotek, kyrkja.

SJUKDOM OG FRÅVÆR

Gi beskjed før kl 9.00 om barnet ikkje kjem i barnehagen, både ved fridag eller sjukdom. Beskjed kan sendast som tekstmelding på telefon, melding på Kidplan, registrere fridagen sjølv på Kidplan eller sjølvsgatt ringe/ gi munnleg beskjed til personalet. Ved smittsame sjukdomstilfeller (t.d. omgangssjuka, lus og liknande), informer barnehagen om dette. Ved eventuelle epidemiar blir foreldre informert.

Personalet tek utgangspunkt i barnet sin allmenntilstand før vi tek kontakt med føresette om at barnet ikkje er bra og må hentast. Barnet skal ha nytte og glede av opphaldet i barnehagen, og må kunne følgje dei aktivitetane det er lagt opp til.

Oversikt over karantenetider, sjå informasjon frå norsk helseinstitutt:

<https://www.fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/>

SOMMARFEST

Ein ettermiddag i juni arrangerer styret og SU ein sommarfest for alle familiare i barnehagen. Familiene tek med seg grillmat og gjestar (søsken, besteforeldre), barnehagen stiller med grill, saft og lokale (barnehagens uteområde). Kakeliste blir hengt opp, slik at dei som kan og vil tek med seg kake til festen.

SOMMARTUR

Ein dag i juni dreg heile barnehagen på ein felles tur. Det gir oss ei felles oppleving på tvers av avdeling.

SØVN OG KVILE

Barn som har behov for det får sove eller kvile i barnehagen. Foreldre tek med vogn som er god å sove i og eigna pose. Barna søv ute i vogn.

Ein dag i barnehagen krev mykje av barnet, både fysisk og mentalt. Vi ser at behov for nok søvn og kvile ofte er større enn det dei treng heime. Fysisk form, mentalt minne og humør stig, medan konfliktnivået dalar hos eit utkvilt barnehagebarn om ettermiddagen. Dette er eit tema mange meiner mykje om. I Rørstadmarka barnehage finn vi etter vår erfaring støtte i Helle og Flugstad (*Ringer i vann*) sine funn: [Barnet bør få sove ein heil søvnsyklus](#). Den er på rundt 60 - 90 minutter, litt avhengig av barnets alder.

TURMÅL

Rørstadmarka barnehage er flittige brukarar av alle dei fine turmåla i nærområdet. Av og til går vi korte turar til leikeplassar, naturleikeplassen (gapahuken), ein rundtur i nabolaget, til skogen, fjøra eller langs fortauet. Andre turar blir litt lengre turar som til Skjeret, Trollskogen eller Endrehaugen. Alle gruppene legg opp til minst ein tur i veka.

UTEOMRÅDET

Rørstadmarka barnehage har eit stort og allsidig uteområde. Sykkelbane, hytter, skog, akebakke, leikestativ, disser, sandkasse, fotballbane og eit eige innegjerda område for dei yngste gir alle aldersgruppene i barnehagen eit artig og attraktivt tilbod kvar dag, også dei dagane vi ikkje er på tur. Alle barna i barnehagen er ute kvar dag.

VEDTEKTER

Barnehagen har vedtekter etter Samvirkelova og etter Lov om barnehagar, vedtatt av barnehages årsmøte. Oppdaterte vedtekter er tilgjengeleg på barnehagen si nettside.

ÅRSPLAN

Årsplan fastsettast av Samarbeidsutvalet. Årsplan del 1 er Rørstadmarka barnehage frå A-Å. Barnehagen årsplan del 2 er utforma som ein kalender, og gjeld for eit barnehageår. Periodeplanane som kjem ut i løpet av året er ei utfylling av barnehagens innhald i årsplan del 2.

PROGRESJONSPLAN

Fagområder	1 - 2 - ÅR	2 - 4 ÅR	3 - 5 ÅR	5 - 6 ÅR
Kommunikasjon, språk og tekst - «Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet»	Verbalt og nonverbalt språk. Den vaksne som språkmodell, rim og rytme.	2-3 ordsytringar, betre artikulasjon, høgtlesing, eventyr, rim og regler.	Lytte, vente på tur, bruke ord og føre samtale.	Gjenfortelje, beskrive, begynnande interesse for å skrive.
Kropp, rørsle, mat og helse - «Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barna verda og seg sjølv å kjenne»	Bli kjent med kroppen og få positiv sjølvoppfatning.	Meistre på- og avkledning, øve opp kropps kontroll.	Vurdere og meistre risikofylt leik, finmotorikken veks.	Kunnskap om menneskekroppen, eigne og andre sine grense, sunt kosthald.
Kunst, kultur og kreativitet - «Å vere saman om kulturelle opplevingar eller skape noko felles, bidreg til å høyre saman»	Kjennskap til og kunne uttrykke seg gjennom forming, musikk, dans og drama.	Bli kjent med ulike uttrykksformer i forming, teater, musikk,...	Barna dramatiserer, uttrykkjer seg og formidlar gjennom kunst, kultur og estetikk.	Utviklar evne til å bearbeide og kommunisere sine uttrykk gjennom skapande verksemd.
Natur, miljø og teknologi - «Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i alt slags ver»	Få positive opplevingar i og om naturen, i alt slags ver.	Lære seg gode haldningar og respekt for naturen. Ta i bruk digitale verkty.	Begynnande kjennskap til naturen og menneskets livssyklus. Kunne bruke tilgjengeleg teknologi.	Begynnande forståing for omgrepet "bærekraftig utvikling" og menneskets samspel med naturen.
Mengd, rom og form - «Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna sin grunnleggjande matematisk kompetanse»	Få forståing for samanheng mellom nære ting.	Utforske og oppdage matematikk i dagleglivet.	Oppdage og bli kjent med mønster, former og matematiske omgrep i dagleglivet.	Talrekka, motsette omgrep (størst-minst) og bli kjent med måleiningar.
Etikk, religion og filosofi - «Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfatar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar»	Opplere seg sett hørt og forstått.	Meistre og finne glede i samvær og samspel med andre.	Respektare andre, hevde seg sjølv og eigne behov.	Formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar.
Nærmiljø og samfunn - «Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring»	Lære namn på seg sjølv og få oversikt over kven som er i familien.	Få betre oversikt over familien og nærmiljøet.	Namn på familiemedlemmar, plassere barnehagen i nærmiljøet og begynnande forståing for eiga plassering i fellesskapet.	Plassere seg sjølv i heimemiljøet og i nærmiljøet, samfunnet og verden.